

Kyrkja

Kostradokument nr. 16

Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010

**Gjennomgang av funksjonar
under rammeområdet
Kyrkja**

Kyrkja - Budsjett pr. 1. tertial 2009

Funksjon/ Tenester	Tekst	Netto utg Rek-07	Netto utg Rek-08	Br. utg. 1T 09	Inntekt 1T- 09	Fond 1T-09	Netto utg 1T-09
39000	Kyrkjeleg fellesråd	0 3 254	3 501	4 400	-500	0	3 900
390	Den norske kyrkja	3 254	3 501	4 400	-500	0	3 900
39200	Andre religiøse føremål	0 86	94	60	0	0	60
392	Andre religiøse føremål	86	94	60	0	0	60
39300	Kyrkjegardar	0 1 042	924	1 127	-13	0	1 114
393	Kyrkjegardar, gravlundar, krematorium	1 042	924	1 127	-13	0	1 114
	Kyrkje	4 382	4 519	5 587	-513	0	5 074

Oversikt over rammeområdet Kyrkja

Dette rammeområdet har 3 funksjonar og 3 aktive tenester.

Dei 3 funksjonane er:

- 390 Den norske kyrkja
- 392 Andre religiøse føremål
- 393 Kyrkjegardar, gravlundar, krematorium

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 4,5 mill. kr. som er ein auke i høve til 2007 på vel 0,1 mill. kr.

Brutto utgift i 2009 er budsjettert til 5,6 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 5,1 mill. kr. Dette utgjer 1,0 prosent av samla brutto utgifter i heradet.

Funksjon 390 Kyrkjeleg fellestråd

Funksjonen har 1 teneste;
39000 Kyrkjeleg fellestråd.

Teneste 39000 Kyrkjeleg fellestråd

1. Økonomi

39000 - Kyrkjeleg fellestråd

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	4	0	0
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	1	0
Overføringar til andre	3 251	3 500	4 400
Sum utgifter	3 254	3 502	4 400
Overføringer med krav til motytelse	-1	-0	-500
Sum inntekter	-1	-0	-500
Netto utgiftsramme	3 254	3 501	3 900
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskaper for 2008 viser ei nettoutgift på 3,5 mill. kr. som er 0,25 mill. kr. høgare enn i 2007, dvs. ein auke i tilskotet på 7,5 %

Budsjettet for 2009 viser ei utgiftsramme på 4,4 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 3,9 mill. kr. Auken kjem av at heradsstyret innvilga 0,4 mill. kr. til delvis dekking av kyrkjeleg fellestråd sitt opparbeidde underskot. Vidare fekk fellestrådet 0,5 mill. kr. av regjeringa sin tiltakspakke. Denne viser både på inntekts – og utgiftssida.

2. Aktivitet

Kyrkjeleg fellestråd er eit organ i Den norske kyrkja og finst i alle norske kommunar. Rådet er sett saman av representantar frå dei valde sokneråda i kommunen. Oppgåvene til rådet er ta vare på kyrkjegardar, kyrkjebygg og kontor for kyrkjeleg tilsette. Det daglege arbeidet vert leia av ein kyrkjeverje som i Kvam er Ingvard Teigland.

Fellestrådet er arbeidsgjevar for fleire av dei tilsette i kyrkja, bl.a. kyrkjetenar, gravar, klokkar, organist m.fl. Prestane og statlege kateketar er løna av staten.

Kvam herad overfører eit årleg tilskot til drift av fellestrådet. Fellestrådet lagar egne budsjett som vert lagt fram for heradsstyret saman med heradet sitt eige budsjett kvar haust. Det er heradsstyret som bestemmer kor stor gravfesteavgifta skal vera. I år vart den auka med kr. 90,- til kr. 200,- etter mange år utan endring.

3. Endring av aktivitetar

I samband med vedtak om ny gravfesteavgift for 2009 (HST – sak 008/09), vart det også bedt om at fellestrådet må tilpassa driftsbudsjettet for 2009 til 0,5 mill. kr. i mindre overføringar

enn føresett i budsjettet. Vidare må driftsoverskotet for 2009 vera minimum 0,4 mill. kr. pga HST – vedtak i sak 173/08 om dekking av deler av underskotet til fellesrådet.

Fellesrådet er beden om i budsjett for 2010 å leggja fram ein plan for korleis resten av det opparbeidde underskotet skal dekkast.

Soknepresten har søkt om midlar til å gjera ferdig kyrkjeparken i Norheimsund. Rådmannen har svara at det ikkje er budsjettmidlar til dette og det må i så fall verta ei ekstraløyving ved handsaming av 2. tertial 2009.

Fellesrådet har i fleire år hatt ønskje om at Kvam herad skulle overta rekneskapsføringa. I dag vert denne tenesta leigd eksternt då heradet ikkje har hatt kapasitet til å overta dette arbeidet.

Funksjon 392 Andre religiøse føremål

Funksjonen har 1 teneste;
39200 Andre religiøse føremål.

Teneste 39200 Andre religiøse føremål

1. Økonomi

39200 - Andre religiøse føremål

Postar	R-07	R-08	B-09
Overføringar til andre	86	94	60
Sum utgifter	86	94	60
Sum inntekter	0	0	0
Netto utgiftsramme	86	94	60
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser eit netto utgift på 0,09 mill. kr. som er ein marginal auke i høve til 2007.

Budsjett for 2009 viser ei netto utgift på 0,06 mill. kr. Samanhalde med dei rekneskapsførte utgiftene i 2007 og 2008, er dette beløpet litt for lågt.

2. Aktivitet

Ulike tru - og livssynssamfunn har krav på tilskot frå heradet basert på den løyvinga Kvam herad overfører til kyrkjeleg fellesråd. I 2008 var det 26 ulike tru – og livssynssamfunn som hadde rett på tilskot. Dei hadde til saman 211 medlemmer. Tilskotet var i 2008 kr. 462,- pr. medlem, tilsvarande tilskotet kyrkjeleg fellesråd for pr. medlem i Den norske kyrkja i Kvam.

Brønnøysundregistra sender kvar haust dokumentasjon til heradet over kven som har rett på tilskot.

3. Endring av aktivitetar

Aktiviteten er uendra, men budsjettet må justerast opp i 2. tertial 2009 til 0,1 mill. kr. basert på medlemstala for 2008.

Funksjon 393 Kyrkjegardar, gravlundar, krematorium

Funksjonen har 1 teneste;
39300 Kyrkjegardar.

Teneste 39300 Kyrkjegardar

1. Økonomi

39300 - Kyrkjegardar

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	212	89	232
herav fast løn (konto 10100)	45	22	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	5	52
Overføringar til andre	830	830	843
Sum utgifter	1 042	924	1 127
Overføringer med krav til motytelse	0	0	-13
Sum inntekter	0	0	-13
Netto utgiftsramme	1 042	924	1 114
Sum løn i høve sum utgifter	20,3 %	9,6 %	20,6 %

Rekneskapan for 2008 viser ei nettoutgift på 0,9 mill. kr. som er 0,1 mill. kr. lågare enn forbruket i 2007. Det er lønskostnader til parkvesenet som er redusert.

Budsjettet for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 1,1 mill. kr. som 0,2 mill. kr. høgare enn rekneskapsmessig forbruk i 2008. Det er løn til parkvesenet som er budsjettert i samsvar med forbruket i 2007 som er meir realistisk.

2. Aktivitet

Kvam herad gjev kyrkjeleg fellestråd eit årleg tilskot på 0,83 mill. kr. til stell og vedlikehald av kyrkjegardane i Kvam. I tillegg tek heradet sitt parkvesen seg av slåtten.

3. Endring av aktivitetar

Det er ingen planlagde endringar sjølv om behovet for vedlikehald er større enn det tilskotet gjev rom for.